

## Duophon på søndag

I førehandsomtalen om gitarkonsert i Valen kyrkje, kom det ikkje med at konserten er søndag 11. desember og ikkje i går, slik det kunne oppfattast i omtalen.



## Autorisasjonsbevis for plantevern

Alle som skal kjøpa og bruka plantevernemiddel må ha eit autorisasjonsbevis som er gyldig i 10 år. Det står skrive på kvart einskild bevis kor lenge dette er gyldig. I løpet av den tiårs-perioden som er gått sidan dei første fekk dette beviset, er det gjort ein del endringar i lov- og regelverk. Kursa som Forsøksringen arrangerer i januar, i Rosendal er både for dei som ønskjer å fornya beviset og for dei som ønskjer autorisasjonsbevis for første gong.

kultur...



Gøril Guddal fortel om kunstnaren Tone Thiis Schjetne som har laga skulpturen «Bris» som er i gåve frå den gamle kulturnemnda til kulturhuset.

## «Bris» er avduka

Den nye skulpturen «Bris» vart avduka i samband med markeringa av renovering og oppussing av Kulturhuset Husnes.

Entreprenørar, arkitekt, dei tilsette på kulturkontoret og firma som har vore med å bidrege til ombygginga var inviterte til ei enkel, men høgtideleg markering av renovering og oppussing av Kulturhuset fredag ettermiddag.

Ei gåve frå den gamle kulturnemnda til kulturhuset vart avduka. Den klassiske bronsefiguren med namnet «Bris» er laga av Tone Thiis Schjetne frå Trondheim. Kultursjef Kristian Bringedal takka kulturnemnda som har arbeidd trufast gjennom mange år.

Gøril Guddal fekk æra av å fortelja om bilethoggar Thiis Schjetne (77) som har utsmykka mange bygg og torg med sine skulpturar.

– Figurar av henne kan ein sjå på Trondheim torg,

Stavanger torg og Grønland torg i Oslo. Ho er innkjøpt av mellom anna Nasjonalgalleriet. I 2004 fekk Thiis Schjetne tildelt St. Olavs Orden, fortalde Guddal.

Mange av skulpturane hennar gjev uttrykk for kvinner i arbeid og kommunikasjon. Skulpturen i kulturhuset er støypt i bronse og kostar 40 000 kroner. No håpar Gøril at også festsalen får utsmykking.

– Eg har mast meg til korleis ein kan ordna salen til å verta finare, sa Gøril, som ynskjer å bruka kunstnarar

med tilknytning til kommunen for å få til eit ungt og friskt innslag på veggene. Gøril oppfordra handelsstanden med Jone Malmin i spissen til å samla inn 40 000 kroner til utsmykking av salen.

Eli Lund  
eli@kvinnheringen.no

## Kurs for trommisar

Kulturskolen vil straks over nyår skipa til kurs over to helgar for trommisar.

Kulturskulerektor Rolf Lothe fortel at kulturskolen har opplæring på mange instrument, men så langt har ein ikkje lukkast med å få i gang tilbod til born og unge som vil spela trommesett.

– Vi har i år hatt nokre sø-

kjarar som ynskjer opplæring på trommesett, og til desse og andre interesserte kan vi no tilby eit kurs som vil gå over to helgar. Instruktør vert Brynjulv Guddal frå Seimsfoss, ein kar som har solid trommesettbakgrunn frå både lokale, nasjonale og internasjonale band.

På desse helgekursa vil vi

gje tilbod både til nybyrjarar og til litt vidarekomne, og vi vender oss spesielt til unge som har lyst til å spela trommesett i rocke- eller popgrupper.

Dei som søkte om trommeopplæring i haust har no fått brev om dette tilbodet, dessutan har vi sendt ut brev til skulane i kommunen. Dei

som ynskjer å vera med må melda seg på til Kulturskolen innan 8. desember, seier Rolf Lothe, som legg til at kursa vil vera på kulturskulesenteret i Rosendal.

Kjartan Wang Olsen  
kjartan@kvinnheringen.no

## Kvinnheringen

– for 25 år sidan

Fredag 5. desember 1980

## Tilfluktsrom for 2400

I Kvinnherad finst tilfluktsrom for 2400 menneske. Det vil seia at det er plass til mindre enn kvar femte kvinnhering i desse romma. I tillegg er det planar om å evakuera 6000 menneske frå Bergen og hit i ein krisesituasjon. Desse skal innkvarterast privat.

Regelen er at i nye bygg på meir enn 150 kvadratmeter skal det byggjast tilfluktsrom. Bustader og daginstitusjonar for born er unnatekne.

Dei fleste tilfluktsromma vert i fredstid nytta til andre føremål. Tilfluktsrommet i Husnes Samfunnshus vert brukt til hovudbibliotek.

## Musikalsk dugnad

Eit femtitals songarar og musikarar frå Stord og Kvinnherad skal i morgon skipa til hyggjekveld i Husnes Samfunnshus, først og fremst med tanke på å skaffa pengar til nytt samfunnshus i Rosendal.

Kulturnemnda ved Rosendal Samfunnshus er tilskipar. På programmet står korsong, trekkspeleduett, deklamering og allsong, forutan at Stord-gutane skal vera med. Elles blir det innslag ved Harald Ekelands orgelskule. Ekeland skal og ha solonummer.

## Legane vil ha prosentavtale

– Alle legane i Kvinnherad står bak ønsket om prosentavtale, seier Terje Vevatne. Dei er avhengige av ein slik avtale for at helsesentra skal kunna drivast på forsvareleg vis. Dersom kommunestyret seier nei, må legane ifølgje Vevatne få vita kva måte husleiga kan subsidierast på.

Så langt har formannskapet sagt nei til prosentavtale med legane.